

Kaizers blir teater

13.08.2009



Rune Solheim i blå innramming under konserten på Festidalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kaizers Orchestra, som hadde stor suksess under Festidalen, skal bli teater. Forfattar Tore Renberg skal skriva teaterstykket Sonny.

Det skal byggja på historiene i dei tre første albuma til suksess-bandet som mellom andre har ein trommeslagar frå Kvinnherad - også med ei fortid i Uskedalen - Rune Solheim.

Teaterstykket skal setjast opp på Rogaland Teater i 2011, det året bandet har tiårsjubileum. Stykket skal spelast utan orkester og Kaizers må difor i studio for å spela inn dei gamle låtane påny.

Rune Solheim seier til innsida.no at alt skal passa til stykket. Difor er det gjerne nokre parti som må arrangerast litt annleis og det må sikkert også leggjast inn nokre lydeffektar. Det er berre vokalist Janove Ottesen og gitarist Geir Zahl som skal vera med under heile teaterproduksjonen. Engasjementet til dei andre er stort sett avgrensa til nokre veker i forkant av oppsetjinga.

- Det er spanande å sjå at låtane våre vert til teater og veldig inspirerande at folk likar heile Kaizers-universet og ikkje berre musikken i seg sjølv, seier Rune Solheim.

Teatersjef Arne Nøst uttrykker seg slik om prosjektet: - Dette er ein draum for eit teater.

Rune kan godt forstå kvifor teatersjefen seier dette:

- Musikken vår er i utgangspunktet veldig teatralsk og har mykje stemningar, så det passar jo veldig bra for teater, seier trommeslagaren frå Kvinnherad.

Av Ola Matti Mathisen